

Vang - eit historisk arkiv

Bålferda

Vi let fantasien spele fritt og reiser attende i historia, til ein gong på 900-talet:

Mange menneske er samla på Vang, mange gret. Eit stykke unna, borte ved Skjørdøla, står hestar bundne. På ei lita flate har dei bygd opp eit stort bål av bjørk- og furuved som trølar frakta dit på sledar dagen i førevegen. På ei bære øvst på bålet ligg ei gammal kvinne - husfrua i Bø. Ho er kledd i sine vakraste klede: blått forkle av lin dyrka på garden og lys ullkjole. To skålsmykke i bronse held drakta saman i bringa, ein nøkkel heng i beltet. Om halsen ligg ei vakker kjede, med dyre steinar: raudstripet karneol frå landa langt der sør og vakker, gjennomskinleg kvarts. Ei kiste står ved sida hennar, med nåler og anna utstyr i. Oppå lokket ligg ein sigd og ei lin-hekle. Reist opp langs sida på bålet står veven hennar, med mange tunge vevlodd av kleberstein.

Husfrua i Bø skal reise, gå over i ein anna dimensjon, og elden vil straks forvandle ho. Men ho treng sine reiskapar og sine smykke i det nye livet som ventar henne der ute. Ikkje langt frå bålstaden ligg vegen, den eldgamle ridevegen som er blitt djup og hol etter stadig trakk av hestehovar og menneskeføter. Ved vegen må bålferda skje, slik at den døde finn vegen dit ho skal. Og farande skal sjå den dødes minne og vite at her har godt og rikt folk gravstaden sin -

Det blir stille i flokken. Goden vender seg mot bålet og vier det til Guden. Så går eldste sonen til den døde bort med ein brennande fakkell og tenner i. Husfrua i Bø har kome til forvandlinga og reisa mot ein ny eksistens. Røyken stig ende opp, eit godt teikn -

Når bålet omsider er blitt ein oskedunge, begynner arbeidet med å byggje haugen som skal vere eit evig minne om det som har skjedd her. Menn med trespadar grev opp jord i ein ring rundt bålstaden og kastar inn mot sentrum. Men denne gravhaugen skal ikkje vere sirkelrund, han skal ha oval form. Husfrua i Bø vart enke i ung alder, og hadde ansvaret for garden til ho døydde. Og skikken, som ingen må bryte, seier at kvinner som sjølv styrte gard, skal ha ovalforma haug. Det er mye rikdom i eldgamle Bø, og gjæve menn har kome herifrå. Derfor må haugen vere stor, så han synest godt. Eit stykke unna ligg gravstaden til garden Skjørstad. Her har det berre budd folk i tre slektsledd, og ikkje ville det vere høveleg at folket her bygde gravhaugane sine høge og breie.

Slik *kan* ei bålferd ha gått for seg på Vang for tusen år sidan. For å få eit heilskapleg bilde, må vi setje saman det vi *veit* og det vi *trur*.

Tusen år seinare arbeider arkeologen ved haugen, med skei, såld og måleutstyr. Nøyaktig må han vere, pinleg nøyaktig, for små detaljar kan gje svar på viktige spørsmål. Eit bryne som er sprengt i mange bitar, men som har bitane samla, fortel oss at oska ikkje er flytta - brannflaket ligg der bålet stod. Forma på sverd og pryding fortel kva tid grava er frå, og dersom det er nødvendig, kan denne *typologiske* tidfestinga supplerast med ei *radiologisk* datering (sjå side 28). Funna blir bitar i eit puslespel. For kvar grav som blir opna, får vi meir kunnskap om Oppdals fortid.

Oppdalingane valde å kremere sine døde, men i mange bygder bruka dei gravlegging utan eld. Sett frå arkeologen sitt synspunkt hadde kremasjonen ein fordel: Oska som la seg eller feste seg på ting av metall, verna mot korrosjon. Dessutan er jordforholda på Vang gunstige, ting står seg godt her. Men kremasjonen førte også til at vi har få spor etter den døde - berre beinbitar og beinstøv. Trass i dette kan osteologar (beineksperter) finne ut ein god del både om liket og om gravferda. For noen år sidan vart beinrestar frå to graver på Vang undersøkte av osteolog, som konkluderte med at det var tale om to vaksne, men ikkje gamle menneske - den eine kraftig av vekst, den andre spinklare, truleg ei kvinne. Dette siste individet fanst det ikkje mindre enn ca. 250 beinbitar etter, og plasseringa av dei i brannflaket kan tyde på at liket har blitt lagt i retninga aust-vest, med hovudet mot vest.

Det vart ikkje funne beinrestar etter fleire enn eitt individ i kvar haug, og dermed kan vi slå fast at dei døde ikkje fekk med seg følgje på reisa. Vi veit, blant anna frå Osebergfunnet i Vestfold, at gjæve



*Bålferd på Vang.
Maleri av Astrid
Volden.*

menneske ikkje trong dra einsame frå denne verda. Og eigentleg synest det ganske logisk å la dei døde få med seg tenestefolk, når dei vart gravlagde med verktoy, reiskapar og anna utstyr frå kvardagen. Berre undersøkingar av nye haugar kan gje svar på om oppdalingane har sendt levande i døden på Vang.

Gravfelt for mange gardar i kanskje tusen år

Dette veit vi: På Vang er det ca. 750 synlege graver. Dei ligg tett i tett over eit område på omtrent 120 mål, stort sett mellom elva Skjørdøla og den gamle kyrkjevegen opp Prestbakkan. Truleg finst det langt fleire graver. Storparten av dei registrerte gravene er frå

yngre jernalder, altså tida etter ca. 600. Sannsynlegvis er fleirtalet av desse gravhaugane frå vikingtida - perioden frå ca. 800 og fram til kristendommen vart innført. Ingen veit nøyaktig når oppdalingane tok ved den nye trua. Men truleg skjedde det ein gong rundt 1030 - kanskje eit tiår eller to seinare. Og da flytte oppdalingane gravstad og gudsydrking litt lenger opp i lia på Vang, der kyrkja står.

Men kor langt tilbake i tida går så historia til gravstaden på Vang? I eldre jernalder var det ikkje skikken å markere grava med haug, dei bruka til vanleg flatgraver, gjerne med ein steinring rundt. Slike graver finn vi også på Vang - ringen avslører dei. Men vi må rekne med at det også finst mange graver frå eldre jernalder som ikkje er markerte med steinsettingar. Og dei visest ikkje i terrenget. Det må grundige, tidkrevjande arkeologiske undersøkingar til for å spore dei opp.

Dei tidlegaste spora etter gravferd eller rituell aktivitet på Vang går tilbake til ca. 300 e.Kr. Dermed er det dokumentert at feltet har vore bruka i alle fall i sju hundre år, eit tidsrom som tilsvarar godt og vel tjue generasjonar. Med fleire undersøkingar vil kanskje alderen bli strekt enda lenger tilbake i tid. Trass i alt er det hittil berre ein brøkdel av Vangfeltet som er blitt undersøkt av arkeologar - knapt to prosent av dei registrerte gravene. Og det er ikkje gjennomført systematiske undersøkingar for å finne ut kva som skjuler seg under den flate marka.

Gravfelt på deling

Vanleg skikk og bruk i jernalderen var at den døde fekk siste kvilestaden på heimgarden sin. Felles gravfelt for fleire gardar var ganske uvanleg. På dette området skil Oppdal seg klart ut. Kvar del av bygda hadde sitt eige fellesgravfelt: Drivdalen på Rise, Sentralbygda på Vang og gardane i Lønset-området (Nedpå Skoga) på Strand. Men under oppdyrking i nyare tid vart gravfeltet på Strand så godt som fullstendig rasert og Rise-feltet sterkt øydelagt. Når Vang-feltet har berga så godt fram til vår tid, heng det nok saman med at feltet ikkje høyrde til ein vanleg gard, men låg under prestegarden og var offentleg eigedom.

Men heller ikkje Vang-feltet har berga skadelaust gjennom tusen år. Mange gravhaugar har djupe groper i sentrum, umiskjennelege spor etter eldre tidars «skattejakt». Noe av gravplyndringa kan skrive seg frå mellomalderen, da pil- og spydspissar og andre jernjen-



Desse to sverda, som vart funne under utgravingar på Vang i 1989-90, ber signaturen til den beste våpensmia i Europa i vikingtida: Ulfberht. Det er eksklusive våpen, med vakker dekor laga av innfelt sølv. Eigarane må ha vore velhaldne menn. Under importerte bronsebeslag som er funne i graver i Oppdal. Den runde gjenstanden er truleg laga på Irland, som beslag til eit helgen-skrin eller dekor på eit prosesjonskors. I Oppdal vart han bruka til smykke - og folgte eigaren på bålet på Vang ein gong i vikingtida.

standar var verdisaker som kunne takast i bruk på nytt. Men sannsynlegvis er det aller meste av gravinga i haugane utført i førre hundreåret, da muséa skulle ha «antikvitetar» til samlingane sine og gjerne fekk dei via oppkjøparar. Mange tok nok også fatt med spade og hakke i gravhaugane rett og slett fordi dei var nysgjerrige. Nasjonalromantikken den gong stimulerte interessa for historie og fortids mystikk. Gjenstandar frå Vang, blant anna ei rekkje sverd,

kom til Vitenskapsselskapet i Trondhjem på 1800-talet. Slik graving påførte sjølvsagt haugane skader, men øydela dei ikkje totalt. Gravhaugar med plyndringsspor kan framleis vere rike på gravgods og gje arkeologane verdifull informasjon.

Når mange gardar gjekk saman om eit felles gravfelt, er det rimeleg å rekne med at feltet vart bruka etter eit nøye fastlagd system. Det var ikkje berre å ta seg sjølv til rette, finne ein høveleg stad og lage haugen så stor og imponerande som ein kunne ha lyst til. Gravleggingsskikkane må ha vore tilpassa den sosiale organisasjonen i bygda og følgd strenge reglar. Truleg har kvar gard hatt sitt spesielle område på feltet, der dei kremerte sine døde i generasjon etter generasjon.

Dersom oppdalsgardane disponerte kvar sine gravleggingsområde på fellesgravfelt, bør eit kart over gravene vise spor etter ei inndeling eller gruppering. Arkeologen Oddmunn Farbregd har påvist at gravene let seg dele inn i minimum 20, maksimum 40 grupper. Dette er tal som samstavar godt med bildet vi har av gardsbusettinga i jernalderen. Farbregd reknar med at det ved utgangen av eldre jernalder (ca. 600 e.Kr.) må ha vore minst 25 gardar i området som naturleg sokna til gravfeltet: Sentralbygda frå Ålbu til Gorset, Båggåstronda, Hevle-Mjøa. I yngre jernalder kom minst 10 i tillegg.

Storleiken på gravhaugane varierer ganske mye, også innafør same tidsperioden. Gjennomsnittleg er haugane på Vang 6-7 meter i tverrmål. Ein del er mindre, medan ca. 20 har ein diameter på 11-20 meter. Forskjellane avspeglar ganske sikkert ei form for sosial lagdeling. Gardar, ætter og personar med høg sosial status i lokalsamfunnet hadde rett til å markere posisjonen i sine gravminne. Å bryte skikk og bruk og i overmot gje den døde høgre haug enn normene tilsa, ville ikkje bli akseptert i det gamle samfunnet. På den andre sida tyder utgravingane hittil på at dei største haugane ikkje nødvendigvis har mest innhald. Små haugar kan skjule bålferder med rikt utstyr. Kanskje har det vore tale om ein slags kompensasjonsmekanisme: Gardar som ikkje hadde sosial status til å gje sine døde høg og vid haug, som syntest godt i terrenget, tok det att med å la dei få ei utstyrsrik bålferd -

Oppdal i vikingtida: ikkje ei fattig og isolert bygd

Omgrepet *viking* kan tolkast på to måtar: «person som var med på vikingferder utafør Norge» og «person som levde i vikingtida».



Smykkesaker frå 900-talet, funne på Vang i 1989. Perlene er av glas og karneol (eit raudaktig steinslag), ringen av fletta sølvtråd.

Første definisjonen er den tradisjonelle, men no blir ordet viking også brukt og akseptert i fagmiljøa i den sistnemnde tydinga. Dermed er det grunnlag for å knyte vikingnamnet til gravfeltet på Vang og folket som levde i Oppdal i den siste fasen av jernalderen.

Var menn frå fjellbygda Oppdal med på vikingferder over havet? Dette er eit spørsmål som omvisarar på Vang stadig møter. Igjen må vi skilje mellom det vi konkret *veit* og det vi *kan slutte oss til*, meir eller mindre sikkert, frå funn og andre kjelder.

Sikkert er det at gravene frå vikingtida på Vang - og dei to andre gravfelta i bygda - avspeglar den nære kontakten som var i denne perioden mellom Norge og Dei britiske øyane. Det er gjort ei rekkje funn av gjenstandar som skriv seg frå den kristne kulturen i vest. Mest kjent, også internasjonalt, er «Rise-engelen», som vart innlevert til Universitetets Oldsaksamling i hovudstaden ein gong tidleg på 1800-talet (sjå side 21). Denne englefiguren frå 7-800-talet har sannsynlegvis vore dekor på eit skrin med religiøs funksjon i det kristne Irland, kanskje eit relikvieskrin (skrin med restar av ein

I fleire graver frå vikingtida er det funne hestekjevar som er ubrende og altså må ha blitt lagt inn i brannflaket etter at likbrenninga var over. Kan dette vere restar etter hestar som vart slakta i samband med eit ritueli gravferds-måltid?



heilag person). I 1989 vart det funne eit vakkert bronsebeslag under ei rotvelte på Vang, også dette stammar truleg frå den kristne kulturen på Irland. Da haugen ved sida av vart utgraven i 1990, kom det fram ein bit av enda ein bronsegjenstand frå Dei britiske øyane. Liknande funn er gjort tidlegare både på Vang og i graver på Strand-feltet.

Funna frå Dei britiske øyane er plyndringsgods, teke med vald frå gudshus og kloster. Men vegen dei i si tid følgde frå vest over havet og hit til fjellbygda vil alltid vere uklar. Det kan tenkjast at oppdalingar personleg var med på plyndringsraida mot kristne kultursentra, og førte verdisakene med seg heim. Men det er kanskje meir sannsynleg at dette var handelsvarer, som gjekk gjennom fleire hender før dei omsider hamna her i bygda. Kanskje var det oppdalingar som leste reinskinn på hesten og drog ned til fjordane for å gjere ein god handel med sjøfarande menn? Så fall dei for den gylne bronzen og bytte sakene til seg for å glede ei dei hadde kjær. Bronsegjenstandane vart nok ofte borne som smykke festa til kledda, det viser nålefeste som er nagla fast på enkelte av dei.

Andre funn viser også at oppdalssamfunnet i vikingtida ikkje kan ha vore fattig og isolert. I to gravhaugar som vart opna i 1989-90, låg praktfulle, kostbare sverd signert *Ulfberht*, ei våpensmie ved Rhinen i Karolingar-riket. Den russiske eksperten Anatolij Kirpitsjnikov, som undersøkte sverda, konkluderte med at dei døde hadde fått med seg i gravene «våpen frå den beste våpensmia i Europa på den tida». Det ligg nær å tenkje seg at dei rike gravfunna reflekterer



Sommaren 1999 vart to flatgraver (steinsettingar) frå folkevandringstida gravne ut, og blant funna var blant anna vakker keramikk som er typisk for denne delen av eldre jernalder (4-500-talet e.Kr.).

ein rikdom som oppdalingane fekk frå fjellet - frå reinfangsten i dei store dyregravanlegga.

Gravfunna - kikkhol inn i fortida

Dei mange funna frå Vang gir oss kunnskap om tru og liv i Oppdal i jernalderen:

Våpen og jaktutstyr: I bålferda til ein gjæv mann må våpen ha vore obligatorisk utstyr, men det var tydelegvis klare reglar om kva den enkelte kunne få med seg. Sosial posisjon og kanskje også alder har vore bestemmende for utvalet av våpen. Fullt våpenutstyr tydde høgre status enn berre enkeltvåpen. Det største statussymbolet var sverdet, og det ser ut til at også forskjellen på sverdtypar i gravene

har med sosial rang å gjere.

Dei mange pilspissane i gravene viser kor viktig rolle jakta må ha spela. Eit vitnemål om elvefiske er tindar som truleg skriv seg frå ein lyster (gaffelforma reiskap med mothakar til å ta fisk med). I gravfeltet på Rise er det funne ein stor, komplett lyster - eit framifrå smedarbeid, som sikkert har vore mynta på laksen i Driva (sjå side 37).

Hesten var statusdyret, og det er godt representert i gravene med utstyr av forskjellig slag: munnbitt, delar av grimer og seletøy. Vi veit frå norrøn mytologi at det knytte seg forestillingar av religiøs-magisk karakter til dette dyret, som var eit symbol på styrke og avlekraft. I graver på Vang er det funne mange tenner og skjelettdelar frå hest. Vi skimtar eit bålferdsrituale knytt til dette dyret. Kanskje var det hestane dei frakta den døde med til grava som laut late livet?

Smiarbeid og trehandverk: I ei lita grav med rikt innhald låg to sagblad og tre høveltenner - og fil og bryne til å halde reiskapen kvass med. Denne grava var frå tidleg vikingtid, og følgeleg omtrent jamgammal med Osebergfunnet. I dette mest berømte av alle norske funn frå førkristen tid blir det dokumentert at trehandverk og kunst låg på eit svært høgt nivå. Sidan oppdalingane valde å brenne sine døde saman med gravgodset, finst det ikkje treverk i gravene her. Men vi anar at også oppdalssnekkaren var ein dyktig fagmann, som gjorde både solid og pent arbeid. Han laga sikkert vakker treskurd med drakar og andre mytiske figurar, slik samtidige trekunstnarar ved Oslofjorden gjorde det. I same grava fanst også ein gjenstand frå ei smie, ein *avlstein*, som vart bruka fremst på tuten på blåsebelgen for å verne han mot eldmørja i essa. Steinen, som var laga av kleber, fortel oss at her kviler ein smedkyndig mann.

Kvar fekk så oppdalssmedane jernet sitt frå? Den tid vart alt jern produsert av jernoksyd frå myrar, i ein komplisert prosess der malmen vart skilt frå slagget i ein slags omn. I Rennebu og spesielt i Gauldalen er det funne mange spor etter slik forhistorisk *jernvinne*, men i Oppdal har det vore heller lite å finne. Det kan ha samanheng med at bygda er forholdsvis fattig på myr med jernoksyd i så store mengder at det var gunnlag for jernproduksjon. Vi ser for oss at oppdalingane i stor utstrekning handla eller bytte til seg jern frå nabodistrikta.

Kvinnearbeid: Ei rekkje funn viser også kvinna sitt liv i dette samfunnet, der kjønnsrollene var atskillig klarare definerte enn i vår tid. Tindar etter linhekler indikerer at oppdalingane dyrka lin og



Denne «holveggen» gjennom gravfeltet på Vang vart skapt av heste- og menneskeføter i forhistorisk tid. Den var sannsynlegvis ein del av vegleia over Risberget og Dovrefjell til Gudbrandsdalen.

laga klede av fibrane. Linhekla var ein vanleg reiskap på gardane like fram mot nyare tid, da billege bomullsklede sette punktum for heimeproduksjonen av lintøy. Lodd av kleberstein er restar etter den gamle vevtypen, som stod på kant: *oppstadvev*. Det er også funne ein skeiforma reiskap som vart brukt ved veving. Igjen eit sideblikk til Oseberg: Når tekstilar frå dette funnet viser kunsthandverk av høg klasse, er det ingen grunn til å tru at oppdalskvinner som levde på same tida ikkje var dyktige tekstilhandverkarar.

Smykke: Eit typisk trekk ved kvinnegravene er smykkefunna. I

vikingtida var skålforma smykke i bronse - eitt ved kvar skulder - ein viktig del av kvinnedrakta. Elles bar kvinnene gjerne perlekjede. I kvinnegraver på Vang er det funne fleire smykke av desse typane. Kjeda var laga av vakre, importerte glasperler, med innslag av smykkestein som karneol og kvarts.

Slik blir gravfeltet eit arkiv, som gir oss lysglimt inn i tru og liv i ei fjern fortid. Men enno er berre ein liten bit av dette arkivet opna og tolka. Det vil ta generasjonar før alle løyndomane er avdekte - om dei da noen gong blir det. Kanskje vil moderne teknologi føre til at spaden og fysiske inngrep i gravene blir unødvendig? Arkeologane har så smått begynt å ta i bruk teknologi som gjer det muleg å «sjå» inn i gravene utan å opne dei.